

Musea skal bli sterke kunnskapscentra

02.03.2011



Skuletime i gamle Haugland skule - for norskamerikanarar ved kultrsjef Kristian Bringedal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hordaland fylkeskommune vil at dei mange musea rundt om i fylket, skal bli sterke kunnskapscentra og organisasjonar både i lokal og regional samanheng. No er ein plan for åra fram til 2015, «*Musea i samfunnet*», ute på høyring. Der er det lagt opp til at musea skal vera profilerte samfunnssaktørar, som utviklar verdiar med basis i kunnskap om fortid, samtid og framtid. Kvinnherad blir trekt fram som døme.

Uskedalen har to museum; skolemuseet oppe i dalen og bygdetunet på Rød.



Sunnhordland Museum gjenoppfriskar juletradisjonane på bygdetunet på Rød. (Foto. Ola Matti Mathisen)

– Musea i fylket skal utviklast som sterke kunnskapssentra og organisasjoner, og vera profilerte samfunnssaktørar, somutviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid, heiter det i høyringsutkastet til «Musea i samfunnet».

Den regionale planen for museum for åra 2011 –2015 er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova, og skal gje retningslinerfor statleg, fylkeskommunal og lokal politikk på museumsfeltet i Hordaland. Planen løyser av fylkesdelplanen for museum 2003 – 2008.

Den nye planen fører vidare arbeidet med å styrkja musea som samfunnsinstitusjonar. Fire tema er prioriterte i perioden:

- Kystkultur
- Industri
- Kunst
- Ikkje-materiell kulturarv.

Planen føreslår ei organisasjonsendring, oppretting av nasjonalmuseum for kyst og hav, men set likevel hovudmerksemda på styrking av musea som samfunnssaktørar.

– Det er særleg viktig å styrkja musea i høve til kommunane, mellom anna som ressurs i kulturminne- og museumsfaglege spørsmål i lokalsamfunna, heiter det i planutkastet.

Det finst i dag om lag hundre museum med stort og smått rundt om i Hordaland. Vel 35 av desse er samla i ni konsoliderte einingar, som er ein del av det nasjonale museumsnettverket til Kultur- og kyrkjedepartementet. Desse får økonomisk støtte frå både staten, fylkeskommunen og kommunane. Resten er ei mangfaldig gruppe, med høgst ulike livsvilkår.

I tillegg finst det fleire museum og samlingar, som er eigd og blir drivne av kommunar, og ei rekke som er eigd og blir drivne av stiftingar og andre organisasjonar med kommunal støtte.

Bergen kommune har gjennom lang tid teke eit stort museumspolitisk ansvar – og er såleis i ei særstilling. Mellom dei andre kommunane blir Kvinnherad trekt fram som døme. Her eig og driv kommunen Kvinnherad museum, som inneheld Bygdetunet Rød, Haugland gamle skule og Skaalurensamlinga. I tillegg finn ein Gjerdetunet, Halsnøy kloster, Jens Tvedt-huset og Nistovetunet, som alle blir drivne av Sunnhordland museum.

I tillegg til alle musea, både dei konsoliderte og dei som står for seg sjølv, finst ei rekke mindre samlingar, sogelag og kulturminnelag, som har ein museumsrelatert aktivitet. Stordelen av musea er resultat av arbeid gjort av frivillig sektor; lag, organisasjonar, foreiningar og private og enkelte kommunar.

– Mengda av tiltak og talet på timer som blir lagt ned til beste for museumsfeltet på denne måten, er ei kraft som

ein bør leggja til rette for, og utvikla, les vi i høyringsutkastet for planen.

Musea skal vera aktuelle, og ta ei aktiv rolle i samfunnsdebatten.

I mars og april skal det arrangerast tre konferansar på ulike stader i fylket der høyringsutkastet skal drøftast.

Fristen for å koma med merknader til planen er sett til 15. april.

Av Kristian Hus

HusnesNett